



NISSEDAL KOMMUNE

Nissedalsskulen

*- Kvalitets -og utviklingsrapport for
skuleåret 2019-2020*



Innhald

Innleiing	s.3
Hendingar verd å merke seg	s. 4
Kva vil skulane ha spesielt fokus på i 2020-2021	s. 4
Elevtal	s. 5
Kapittel 1 Resultat	s. 6
Kapittel 2 Læringsmiljø	s. 13
Kapittel 3 Gjennomføring av skuleløpet	s. 21
Kapittel 4 Skulen og samfunnet	s. 26
Kapittel 5 Skuleeigar	s. 33

Innleiing

Opplæringslova § 13-10 seier at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, og at rapporten skal bli drøfta av skuleeigar, det vil seie kommunestyret.

Rapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, gjennomføring av skuleløpet og læringsmiljø, og den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg skal rapporten utvidast med fagområde som skuleeigar meiner er tenelege ut i frå lokale vurderingar.

Denne rapporten vil ta føre seg resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkinga for dei tre siste åra. Det kan vere store variasjonar frå år til år. Slikt sett kan ein sjå resultat i eit lengre tidsperspektiv.

Rapporten er utarbeidd av rådmannen ved einingsleiar for oppvekst og kultur, i samarbeid med rektorane ved skulane.

"Nissedalsskulen - Kvalitets -og utviklingsrapport 2019-2020" vart drøfta og handsama i kommunestyret, den 06.05.21

K-sak 19/21

Saksprotokoll i Kommunestyret –

25.03.21

Vedtak

Kommunestyret tek tilstandsrapporten til vitande.

Skuleåret 2019-2020 hald vi fram med fokus på arbeidet med prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» med deltema livsmeistring, klasseleiing (Kyrkjebygda oppvekstsenter) og utarbeiding av plan for heim-skulesamarbeid (Tveit skule/Nissedal ungdomsskule). Innføring av læringsbrett og IKT-strategi ved skulane hadde kome så smått i gang våren før, og nå var det første oppstart med eit skikkeleg digitalt løft. Samtidig var det lagt opp ein plan for å bli kjende med Fagfornyninga – ny læreplan (LK20) som skulle bli innført frå hausten 2020.

«Liv og røre» blei innført på alle steg ved skulane. Eit fylkeskommunalt prosjekt med samarbeid mellom skule og skulehelsetenesta. Målet er meir læring gjennom fysisk aktivitet.

Oppstart med ny einingsleiar for skule i august blei kortvarig, og rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule blei konstituert som einingsleiar for skule i november 2019. Dette gav skuleeininga nok ein gong utfordringar med delt rolle som einingsleiar og rektor, noko som på ulike vis har prega både skulane ved fleire høve dei siste åra. Til tross for dette klarte ein å halde oppe læringstrykk og utviklingstakt på vedtekne satsingsområde.

Men så kom mars – og Covid-19. Det var ei enorm lykke at vi hadde fått læringsbrett året før, og var kome godt i gang med det digitale. Vi var i ei særstilling samanlikna med mange andre kommunar då skulen blei heildigital frå 13. mars og fram til april/mai (litt varierende oppstart på stega). Vi har heile tida vore i stand til å følgje dei nasjonale retningslinene, og gje elevane undervisning under nedstenginga.

Det som blei skadelidande var utviklingsområda våre, som vi måtte prioritere bort i ei tid med unntakstilstand i norsk skule.

Det var fantastisk å få elevane tilbake på skulen i løpet av våren. Særleg moro var det å oppleve at elevane også synte stor glede ved å kome tilbake. Mange, både store og små, fekk nok kjenne på at kvardagen, skulegang inkludert, er det beste!

Ikkje berre teljingar men også forteljingar.

Gjennom tekst og bilete har lærarar og elevar bidrege til at rapporten syner glimt frå skulekvardagen ut over tørre tal og fakta.

Takk til alle som har bidrege.

Rådmannen, den 12.03.21

Hendingar verdt å merke seg i 2019-2020

Årlege hendingar:

- Nasjonale prøver
- Elevundersøking hausten 2019 – 7. og 10. klasse
- Utdanningsdirektoratet sine obligatoriske og frivillige kartleggingsprøver for 1.-4. klasse
- Munnleg og skriftleg eksamen for 10. klasse utgjekk grunna Covid-19

Særlege hendingar:

- Ny einingsleiar for skule, Roger Steinbakk, starta opp 01.08.19, men slutta igjen i november.
- Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule, Reidun Carol Retterholt, blei konstituert einingsleiar for skule frå november, og fast tilsett som einingsleiar frå februar 2020.
- Ny rektor for Tveit skule/Nissedal ungdomsskule, Marius Vøllestad, blei tilsett i mars 2020. Han starta opp i 20% stilling ut våren, før ordinær oppstart i 100% frå august 2020.
- Covid-19: Digital heimeundervisning frå 13. mars 2020 til april/mai (ulik oppstart på stega. Fylgde nasjonale retningsliner)
- Arbeid med innføring av ny læreplan (LK2020)
- Nissedal ungdomsskule blei MOT-skule frå hausten 2019

Kva vil skulane ha spesielt fokus på i 2020-2021

- Fagfornyninga – Innføring av ny læreplan (LK2020) frå august 2020
- Halde fram med implementering av IKT og god bruk av læringsbretta i skulen
- Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBSM):
 - *Revisjon av "Plan for psykososialt skulemiljø" etter endring av opplæringslova §9a vil skje hausten 2020, som avslutning på prosjektet IBSM.*
- Liv og røre – deltaking i prosjekt frå fylkeskommunen med fokus på meir fysisk aktivitet i skulefaga
- Klasseleiing
- Følgje nasjonale råd og retningsliner for å gje god skule, samtidig som vi har fokus på å hindre smitte av Covid-19.

Elevtal 2019-2020

Kyrkjebygda oppvekstsenter	Tveit skule/ Nissedal ungdomsskule
1. kl 5	1. kl 19
2. kl 4	2. kl 11
3. kl 5	3. kl 16
4. kl 5	4. kl 16
5. kl 2	5. kl 19
6. kl 6	6. kl 14
7. kl 3	7. kl 21
	8. kl 12
	9. kl 20
	10. kl 15
30 elevar totalt	163 elevar totalt

Prognose for elevtal i 1. klasse komande år

Skule	1-kl. 20/21	1.kl. 21/22	1-kl. 22/23	1.kl. 23/24	1.kl. 24/25	1. kl. 25/26
Kyrkjebygda	3	4	1	3	3	3
Tveit	11	15	8	11	7	11
Sum	14	19	9	14	10	14

Tala er henta inn frå helsesjukepleiar 08.02.2021

Kapittel 1 Resultat

Målsetting i kommuneplanen 2015-19

- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet og tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggjande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.

Resultat frå nasjonale prøver og avsluttande karakterar

Å beherske grunnleggjande ferdigheiter er nødvendig for læring og utvikling i arbeid og samfunnsliv. Dei grunnleggjande ferdigheitene slik dei er definerte i Kunnskapsløftet, er å kunne uttrykkje seg skriftleg, å kunne lese, å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne rekne og å kunne nytte digitale verktøy.

Grunnleggjande ferdigheiter er integrert i læreplanane for fag.

Nasjonale prøver

Nasjonale prøver skal gi informasjon om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter er i samsvar med måla i læreplanen. I løpet av hausthalvåret blir det gjennomført Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk i 5. og 8. klasse, samt i lesing og rekning i 9. klasse.

Kartlegginga av elevane sine læringsresultat skal, saman med anna vurdering, danne grunnlaget for å settje i verk forbetringstiltak både retta mot den einskilde skule, og på kommunenivå. Resultata er i hovudsak offentlege, og finnast på Udir.no - Skoleporten

Resultata i 5. klasse er delt inn i tre meistringsnivå. Elevane på nivå 1 blir vurderte til å ha svake grunnleggjande

ferdigheiter, medan elevar på meistringsnivå 3 har høg kompetanse. På ungdomssteget er resultatet av dei nasjonale prøvene delt inn i fem meistringsnivå, der fem er høgste nivå.

Statistikkar som syner meistringsnivåa til elevane kan vere forvirrande å lese. Det er enklare å samanlikne kommunen sitt resultat med fylket og nasjonalt nivå ved å nytte "skalapoeng". Det er den totale poengsummen skulane får basert på prosentandel elevar som ligg på nivå 1-3 eller 1-5.

Elevar som har vedtak om spesialundervisning, og der det er heilt klart at deltaking på nasjonal prøve ikkje har noko å seie for eleven sin vidare læring, kan og bør bli fritakne frå nasjonale prøver. Minoritetsspråklege elevar kan og bli fritakne frå nasjonale prøver dersom dei ikkje har tilstrekkeleg norskkunnskapar.

Når resultata skal vurderast, må ein ikkje berre lese tala slik dei står, men også gå bak tala. Med andre ord; prøveresultata må alltid bli sett i samanheng med annan informasjon om kommunen, skulen og elevgrunnlaget. Ein viktig faktor er at talet på elevar er lite samanlikna med fylket og nasjonen.

Ein må derfor forvente større variasjonar lokalt enn det ein ser fylkesvis og nasjonalt. Lokalt må ein sjå etter trendar og utvikling


over fleire år, og samstundes ta omsyn til særlege tilhøve i dei einssilde klassene.

mål, utvikle sine kunnskaper og evner og delta i samfunnet."

Nasjonale prøver i lesing

Utdanningsdirektoratet definerer Lesekompetanse slik: "at elevene kan forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i skrevne tekster for å kunne nå sine

Grafane syner resultatane frå dei nasjonale prøvene i lesing ved skulene i kommunen. Til samanlikning presenterast resultat frå nasjonale prøver dei to føregåande åra, samt fylkes- og landsgjennomsnittet for same periode.




Nasjonale prøver 5. klasse

Figuren over syner resultatane av alle nasjonale prøver for dei siste tre åra for 5. klasse. Til samanlikning presenterast resultat frå nasjonale prøver på fylkes- og landsgjennomsnitt for same periode.

Hausten 2019 var det gode resultat for 5. klasse i både lesing og rekning. Engelsk ligg noko under gjennomsnittet i Telemark og i landet.


For å sjå effekt over tid, må ein halde auge med om nivået held seg. Det er småskulesteget som areidar med resultatet av dei nasjonale prøvene i 5. klasse, for å finne område å forbetre undervisninga på.



Nasjonale prøver 8. klasse

Figuren over viser resultatene av alle nasjonale prøver for de siste tre åra for 8. klasse. Til samanlikning presenterast resultat frå nasjonale prøver, samt fylkes- og landsgjennomsnittet for same periode. Tabellen viser eit resultat som ligg noko under fylkes- og landsgjennomsnitt i lesing. Men til gjengjeld er det gode resultat i rekning og engelsk, over fylkes- og landsgjennomsnittet.

Alle prøvene blir gjennomførte nokre veker etter skulestart, og måler såleis i hovudsak kva elevane kan etter avslutta 7. klasse. Det er mellomsteget som tek med seg analyse av resultatene i 8. klasse for å gjere justeringar i undervisninga.



Nasjonale prøver 9. klasse

Den primære hensikta med nasjonale prøver i 9. klasse er å kartleggje og tilpasse opplæringa til den einskilde eleven. Prøvene gir også, saman med anna informasjon, høve til å vurdere i kva grad ungdomsskulen har bidrege til å betre kompetansen til elevane innan områda

som blir testa. Prøvene er like i 8. og 9. klasse, og gir dermed eit bilde av eleven si utvikling. I 9. klasse har elevane nasjonale prøver i lesing og rekning.

I 2019 var resultatet for 9. klasse bra, og vitnar om god utvikling frå 8. til 9. klasse. Særleg rekning skil seg positivt ut.

Prosjekt Leselyst

v/ Kari Anna Onestad, lærar Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dei siste åra har 1. – 4. klasse på Tveit skule gjennomført eit leseprosjekt, som dei har kalla Leselyst. Prosjektet har blitt gjennomført frå veke 3 og fram til vinterferien.

Målet for leseprosjektet har nettopp vore å skape leselyst og motivasjon for lesing hos elevane. Like viktig har det vore å få elevane til å kjenne og oppleve meistring. Derfor har vi fokusert på å finne bøker som passar den einskilde sitt nivå og interessefelt. Mottoa har vore: RETT BOK TIL RETT ELEV TIL RETT TID og ØVING GJER MEISTER, i alle fall framgang.

Leselyst har hatt ein fast struktur, men noko ulik frå klasse til klasse. I forkant av leseprosjektet har alle klassene og elevane blitt kartlagt med tilpassa testar. Klassene har blitt *retesta* med dei same testane i etterkant av prosjektet. Målet har vore å få ein peikepinn på om Leselyst har hatt nokon verknad. Har elevane blitt betre til å lese, og er dei meir motiverte enn tidlegare?

Leselyst i 3. klasse 2020

I 3. klasse har vi i prosjektperioden i år lese 20- 25 minuttar på skulen kvar dag. Det har vore mykje *stillelesing*, men målet har vore å *høyre* så mange elevar som mogleg kvar dag. Vi kartla på førehand kva for sjangrar og bøker elevane likar å lese. Vi hadde derfor eit godt utgangspunkt då vi gjekk på biblioteket for å låne bøker. I klasserommet har vi i tillegg hatt eit rikt utval av bøker. Den største utfordringa har likevel vore å finne *rett* bok for einskilde elevar, sjølv om dei fleste har vore nøgd og interessert i bøkene dei har valt.

I tillegg til å lese bøker fekk elevane si eiga *leselystbok*, der dei skreiv referat og teikna i frå det dei las. Dette var også norsklekse gjennom heile prosjektet.

Kvar veke hadde nokre av elevane bokomtale for dei andre i klassa. Elles presenterte læraren ulike sjangrar og bøker. I år blei vi betre kjend med den store forfattaren Roald Dahl. Mange av bøkene hans fenga elevane.

Som avslutning på Leselystprosjektet i 3. klasse, hadde vi bokkafé. Til bokkaféen inviterte vi foreldre og føresette. Halve klassa hadde bokpresentasjonar, andre halvdelen presenterte bøker dei hadde byrja å skrive på læringsbrettet. Dette var samansette tekstar, med både bilete og tekst. Alle framførte noko!

Det var ei sær sars god oppslutning, sjølv om det var ein fredag formiddag, siste fredagen før vinterferien. I heimar der foreldra måtte på jobb, stilte besteforeldre!



Vi kosa oss, som vi skal når vi er på kafé, med både kake, saft og kaffi. Det blei ei hyggjeleg og fin-fin fredagsøkt, skule og heim i hop. Elevane var godt førebudde, flinke og stolte av det dei presenterte.

Første skuledag etter vinterferien blei elevane testa med ein ordkjedetest, same test, som blei teken før oppstart av Leselystprosjektet. Resultatet viser framgang for fleire av elevane. Dette er i tråd med det vi ser i timane, fleire elevar har etter vinterferien fått ein betre lese- og skriveflyt.


Konklusjonen blir at Leselystprosjektet har effekt, fokus og øving gjev resultat. Elevar som sleit, slit mindre og kjenner meistring, kva kan måle seg med det? Og meistring veit vi skaper motivasjon og lærelyst!

Standpunktkarakterar og eksamen

Sluttvurderinga i eit fag er standpunkt-karakterar og eksamenskarakterar når eleven avsluttar 10. klasse. Elevane skal ha skriftleg eksamen i anten norsk,

matematikk eller engelsk, samt munnleg eksamen i eit fag.

Grunna Covid-19 avlyste regjeringa både skriftleg og munnleg eksamen for 10. klasse nasjonalt.



Grunnskulepoeng

Elevane sine grunnskulepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar påført vitnemålet multiplisert med ti. Maks poengsum er 60. Poenga dannar konkurransegrunnlag ved opptak til vidaregåande skule.

Som det kjem fram av tabellen over, er dei gjennomsnittlege grunnskulepoenga meir varierende enn på fylkes- og nasjonalt nivå. Dette må ein tilskrive små kull i Nissedal. Dersom eit par elevar i ei lita klasse har store faglege utfordringar, vil dette slå sterkt ut.

Skuleåret 2019-2020 gjekk våre elevar ut av 10. klasse med eit snitt på 40,5 grunnskulepoeng.

Det er naturleg at elevar presterer betre på standpunktkarakterer enn på eksamen. Standpunktkarakterene syner eleven si kompetanse over tid, og lærar skal leggje vekt på den kompetansen han veit eleven innehar. Eksamen er ei vurdering basert på det eleven

presterer den gjeldande dagen, utan omsyn til andre faktorar.

Gjennom deltaking i dei nasjonale satsingane Vurdering for læring og Ungdomstrinn i utvikling (Skule i utvikling) er det gjennom dei siste åra arbeidd mykje med å vidareutvikle god vurderingspraksis i heile grunnskulen. Det er i særleg grad sett fokus på skillet mellom undervegsvurdering og sluttvurdering.

Det er ikkje fastsett måltal for grunnskulepoeng Nissedalsskulen, men rådmannen sitt ynskje er at elevane våre skal prestere så nær opptil nasjonalt nivå som mogleg. Det er og viktig at andel elevar med mindre enn 30 grunnskulepoeng reduserast og at andel elevar med meir enn 45 poeng skal aukast.

Spesielt viktig er det å ha fokus på dei som presterar lågast. Forsking som syner at elevar som har under 30 grunnskulepoeng har større risiko for å falle ut av vidaregåande opplæring.

Resultatmål

Nasjonale prøver i 5., 8. og 9. klasse

- **Andel elevar på lågaste nivå reduserast frå 2019-2023**
- **Andel elevar på høgste nivå aukar frå 2019-2023**

Grunnskulepoeng:

- **Andel elevar med mindre enn 30 grunnskulepoeng vert redusert i 2019-2023**
- **Andel elevar med meir enn 45 grunnskulepoeng aukar frå 2019-2023**

Suksessfaktorar

Nissedalsskulen har hatt Vurdering for læring og Lesing i alle fag som vedtekne fokusområde sidan 2014.

- Skuleleiarane har kunnskapar om og ferdigheiter til å skape varige endringar i skulen som resultat at eit utviklingsarbeid. Til dette trengs god innsikt i endringsleiing
- Lærarar får fagleg påfyll som er relevant for arbeidet i klasserommet
- Skulen er ein lærande organisasjon – dvs. at døme på god undervisningspraksis delast
- Skuleeigar er oppdatert på resultat av utviklingsarbeida i skulen
- Elevar og føresette er orienterte om nye metodar i skulen
- Det er eit positivt og ope samarbeid mellom heimane og skulen

Utfordringar

Kvalitetssikre arbeidet slik at ein i størst mogleg grad unngår store svingingar frå år til år i kommunen og på den einskilde skule.

Resultata i grunnskulepoeng har jamt over vore lågare enn nasjonalt snitt. Dette kan ha tyding for mogleheitene våre elevar har til å velje vidaregåande opplæring. Me må leggje til rette undervisninga på ein slik måte at alle elevar får best mogleg læringsutbytte.

Kapittel 2 Læringsmiljø

Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har tyding for elevane si læring, helse og trivsel.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal liggje over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalsskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.

Godt læringsmiljø er kjenneteikna av:

- ✓ *Læraren si evne til å leie ei klasse og til å undervise*
- ✓ *Positive relasjonar mellom læraren og den einskilde elev*
- ✓ *Positiv læringskultur blant elevane*
- ✓ *Godt samarbeid heim-skule*
- ✓ *Støttande og framtidretta skuleleiing*

Gjennom elevundersøkinga får elevane seie si mening om forhold som er viktig for trivsel og læring på skulen. Undersøkinga er obligatorisk for 7. og 10. klasse. På Kyrkjebygda oppvekstsenter blir den gjennomført av alle elevane frå 5.-7. klasse, for å sikre nok grunnlag til uthenting av informasjon. På Tveit skule/Nissedal ungdomsskule blir den gjennomført kvart år for 7. og 10. klasse. Kvart 4 år er det «full undersøking» der elevar frå 5.-10. klasse, alle foreldre (1.-10.klasse) og alle lærarar deltek. Dette blei gjennomført hausten 2018.

Foreldreundersøkinga gav eit svært gledeleg resultat for skulen. Foreldre syner at dei er svært nøgde med skulen. Dei alle fleste spørsmåla kom ut med resultat >4, som er målsettinga.

I 2017 kom det endringar i Opplæringslovas kapittel 9A om skulemiljø. Kravet om enkeltvedtak i mobbesaker fall bort, men vi fekk ny og skjerpa aktivitetsplikt. Mal for aktivitetsplan blei utarbeidd etter lovtekst.

Ny plan for elevane sitt skulemiljø vil bli utarbeidd gjennom deltaking i prosjektet frå Utdanningsdirektoratet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», ofte omtalt som IBSM.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø starta opp januar 2018 og blir avslutta desember 2020. Linda Solberg er tilsett som ressurslærer for Nissedalsskulen i 20%

stilling. Fokusområde for Nissedalsskolen i dette prosjektet har vore; Klasseleiing, Heim-skulesamarbeid og Livsmeistring. Prosjektperioden vil bli avslutta med utarbeiding av ein ny plan for elevane sitt skulemiljø i tråd med endringar i lovverket.

"Mobbing er handlingar frå vaksne eller barn som hindrar ein person i opplevinga av å høyre til, og å vere viktig i fellesskapet og ha høve til medverknad" (Lund, Helgeland og Kovac, 2017).

Foreldre, skuleeigar, elevane og tilsette er involverte i arbeidet med skulemiljøet ved deltaking og representasjon i Skulemiljøutval (SMU). Utvalet skal handsame alle saker som gjeld skulemiljø. Unnatak er saker som gjeld einskildelevar. Skulane sitt arbeid med skulemiljø er tema

i rektorkollegiet, i personala ved skulane, på foreldremøte og på utviklingssamtalane med elevane.

Solid arbeid med dei fem punkta som beskriv godt læringsmiljø (s. 12) vil vere skulen sitt viktigaste bidrag til arbeidet med elevane si psykiske helse. For elevane som opplever psykiske utfordringar er skulehelsetenesta ein sentral og god støttespelar.

Innebandy-turnering 2019

v/ Toke Ullvar Beyer-Claussen, lærar Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

9. klasse hadde gleden seg. Endeleg skulle dei arrangere innebandy-turnering med musikk, kake og moglegheit til å vinne over dei andre klassene på ungdomsskolen. Det var ganske lange debatter i klasserommet opp mot turneringa. Skulle me selje pizza, pølser eller kake... eller kanskje alle tre? Uansett skulle pengane gå til klassekassa og Polen-tur. Gutane meldte seg raskt til å lage ei «playlist» for dagen, og det blei god partystemning med både «køntri», russelåtar og rock n`roll. Dagen kom og alle viste kva for oppgåver dei hadde. No skulle det vise seg om det fungerte i praksis. Dei fleste var med på julegudsteneste i forkant av turneringa, men på tross av tidspress og litt tekniske problem med lydanlegget var alt klart til start, heilt etter planen. Kampane blei avvikla etter eit tidsskjema der alle starttidene stod klart og tydeleg slik at alle viste når dei skulle spele. Dermed kunne ein slappe av mellom kampane og nyte eit stykke kake eller ta seg ein julebrus. På poengskjemaet blei det etter kvart tydeleg at 9. klasse gjorde det veldig bra, og då klokka blei kvart over to gjekk alle heim med eit smil på leppa.


Trivsel og mobbing

Trivsel er eit grunnleggjande kjenneteikn i høve til skulemiljøet. Elevane får berre eitt spørsmål knytt til trivsel i

elevundersøkinga: "Trivast du på skolen?"

Elevundersøkinga. Trivsel.

Skala frå 1-5. Høg verdi er positivt resultat



7. klasse: Figuren syner at trivselen ligg på nasjonalt nivå.

10. klasse:

2018-2019 syner tabellen ei trivsel langt under det ein har ønske om og jobbar for. Det er heldigvis ei auke i 2019-2020, men dette må framleis bli betre.

Analyse av resultat for både 7. og 10. klasse tilseier at skulen kontinuerleg må ha fokus på trivsel. Tiltak som er sette i verk: Fysisk aktivitet i friminutt og deltaking i *Aktiv skule 365*. Alle skulane arrangerer "vennskapsveke" kvar haust. Dette er eit integrert opplegg som rår mange fag. I tillegg arrangerer skulane ulike typar arrangement gjennom skuleåret som påskelunsj, juleavslutning, skuleball osv.

Det viktigaste for trivsel er fråvere av mobbing. Skulane har ein nullvisjon for mobbing, men erkjenner at mobbing skjer. Det sentrale er å arbeide for eit trygt og godt skulemiljø. Dette tyder at skulane må fylgje med på skulemiljøet og sette i verkt tiltak raskt når elevar blir mobba eller krenka.


Mobbing skjer på skulen, men også på andre arenaer; i særleg grad på sosiale media. Konsekvensane av det som skjer utanfor skulen blir ofte trekte med inn i skulen. Skulen må handtere slik mobbing innafor sine rammer. På dette området blir foreldra si rolle viktig, så vel førebyggjande som når det gjeld tiltak.

Nissedal ungdomsskule blei frå hausten 2020 MOT-skule, eit spennande løft og systematisk arbeid med tre hovudområde:

- MOT til å leve
- MOT til å si nei
- MOT til å bry seg

Miljøterapeut Runa Vee Tveit og rektor Reidun Carol Retterholt var på MOT-camp i Trondheim hausten-19 og blei sertifiserte som MOT-coacher.

Elevundersøkinga: Elevar som har blitt mobba av andre elevar dei siste 2-3 mnd. Talet 1 indikerer inga mobbing.



7. klasse: Her er ligg vi under nasjonalt nivå 2 av 3 år, noko som i denne samanhengen er positivt.

10. klasse: Her er det store variasjonar, men resultat som er som nasjonalt nivå skuleåret 2019-2020.

Skule – heim samarbeidet

Samarbeidet mellom heim og skule er formalisert i Opplæringslova.

Skulen er ansvarleg for det profesjonelle pedagogiske læringsarbeidet. Forelda skal samtidig ha reel moglegheit til å påverke skuletilbodet til barna sine. Det er tre ulike nivå i samarbeidet heim – skule:

- ✓ *Informasjon – utveksling av gjensidig informasjon frå skulen til heimen og frå heimen til skulen. Døme på dette vil vere at læraren orienterer om korleis opplæringa føregår på skulen og korleis elevane klarer seg.*

foreldre og skuletilsette stod for koordinering og skrivearbeid. Planen var gjeldande frå vinteren 2020.

- ✓ *Dialog og drøftingar – reel og sannferdig kommunikasjon mellom foreldre og lærarane om tilhøve som angår elev, undervisninga, læringsmiljøet og utviklinga av skulen*
- ✓ *Medverknad – alle barn har rett til å uttale seg i saker som vedkjem dei. Det er eit viktig prinsipp at foreldra får informasjon frå skulen, slik at dei kan kome med sine innspel til sine barn og unge sine skulekvardagar.*

Foreldre er viktig for barna si læring. Barn som vert motivert og får støtte heime, har større moglegheiter til å gjere det bra på skulen både fagleg og sosialt, uavhengig av foreldre sin bakgrunn og utdanningsnivå.

Hausten 2019 blei det utarbeidd ny plan for heim-skulesamarbeid ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule. Arbeidet var ein del av prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» og blei utarbeidd i tett samarbeid mellom skule og heim. Ein prosjektgruppe som bestod av

Skidag for storskulen og ungdomsskulen 2020

v/ Kjersti H. Fredriksen, lærar Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

12.mars 2020 fekk vi høve til å ha ein skidag på Gautefall. Lite visste vi kva som skulle komme til å skje seinare den dagen....

Skidagen er eit høgdepunkt i vintersesongen for både vaksne og born, enten ein renn i bakken eller går langrenn.

Topp stemning i bussen på veg opp, og etter litt organisering i starten, var alle i gang. Vi hadde som vanleg, fast bål plass der det alltid er vaksne til stades. Dette er ein populær møtestad, og elevane svingar ofte innom for ein stopp, ei pause, ete mat ved bålet eller rett og slett bare vere sosial, prate og kose seg. Blide, glade og spreke elevar heile dagen! Mot slutten av dagen begynte ryktet å gå. På grunn av corona skulle alle skular i landet vere stengd i to veker frå og med neste dag. Etter kvart fekk vi bekrefta dette utenkelege. Digital undervisning i to veker! Elevar og føresette blei informert om at dei kunne hente bøker på skulen dagen etter, og gjere seg klare til ein annleis skuledag nokre veker.

Seinare skulle det vise seg at dei to vekene blei til to månader. Då var det ekstra fint å tenke på at vi rakk å få med oss skidagen på Gautefall og kunne sjå tilbake på sosialt liv og gode minne om denne trivelege dagen.



Skidag for 1. – 4. klasse på småskulen ved Tveit skule.

v/ Linda Solberg, lærar Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Torsdag 12. Mars reiste me på skitur til Gautefall. Turen gjekk på Langmyr. Det var ein fin dag og elevane kosa seg masse både med ski, leik og bål. Mange hadde seg ein ekstra tur på Langmyr før bussen henta oss ved hotellet.

Dagen blir nok best hugsa for avslutninga. I det me kom tilbake på skulen fekk me melding om at skulane over heile landet blei stengt grunna Covid-19. Så det blei ekstra travelt med å få samla saman alt av bøkar og utstyr for heimeskule samtidig, som skiutstyr skulle med heim.

Læringskultur og støtte frå lærarane


Indikatoren læringskultur byggjer på elevane sine vurderingar av tre påstandar:

- ✓ *Det er god arbeidsro i timane*
- ✓ *I klassa mi synest vi det er viktig å jobbe godt med skulearbeidet*

- ✓ *Lærarane mine synest det er greitt at vi elevar gjer feil fordi vi kan lære av det*

Elevundersøkinga. Læringskultur

Skala frå 1-5. Høg verdi er positivt resultat



7. klasse: Som resultatet syner over ligg vi på nasjonalt nivå skuleåret 2019-2020.

10. klasse: Elevane i 10. trinn skårar høgare enn nasjonalt nivå i 2019-2020, ei stor betring frå tidlegare år .


Me veit at klasser er ulike når det gjeld åtferd og arbeidsro. I klasser der det er utfordringar med mykje uro, må ein arbeide systematisk med klasseleiing likesåvel som kvaliteten på undervisninga. TPO er eitt av fleire verkemiddel for å skape ro i timar – elevar som opplever meistring konsentrerer seg betre og er ofte meir motiverte for skulearbeidet. Elevane som konsentrerer seg er ofte rolege.

Indikatoren "Støtte frå læraren byggjer på fem påstandar og spørsmål knytt til elevane sine oppfatningar av relasjonen til læraren

- ✓ *Opplever du at lærarane dine bryr seg om deg?*
- ✓ *Opplever du at lærarane dine har tru på at du kan gjere det bra på skulen?*
- ✓ *Opplever du at lærarane dine behandlar deg med respekt?*
- ✓ *Når eg har problem med å forstå arbeidsoppgåver på skulen, får eg god hjelp av lærarane*
- ✓ *Lærarane hjelper meg slik at eg forstår det eg skal lære*

Elevundersøkinga. Støtte frå lærarane

Skala frå 1-5. Høg verdi er positivt resultat



7. klasse: Elevane svarer noko under nasjonalt nivå i 2019-2020.

10. klasse: I 2018-2019 var det svært lågt svar. Det er derfor gledeleg å sjå at elevane i 10. klasse svarer over nasjonalt nivå 2019.-2020.

Grad av opplevd støtte frå lærarane har nær samanhang med god klasseleiing og

gode relasjonar mellom elevar og lærarar. Dette underbyggast av forskarar som peikar på tydinga av dei viktigaste faktorane for å skape eit trygt, godt og læringsfremjande miljø. Konsekvensane blir at skulane i sitt arbeid må leggje stor vekt på desse faktorane.

Resultatmål

Elevundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet (U-dir) er obligatorisk for 7. og 10. klasse og blir gjennomført kvar haust i desse klassene. På grunn av små elevgrupper blir undersøkinga gjennomført på heile storskulen (5.-7. klasse) ved Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. skule. Nissedalsskulen har ikkje talfesta mål for resultat av elevundersøkinga. Rektorgruppa ser likevel at følgjande resultat vil vere gode mål å strekke seg etter:

(Indikator i skuleporten: 1-5)

- Trivsel: >4
- Støtte frå lærarar >4
- Læringskultur >4
- Mobbing <1,2

Når det gjeld mobbing er ein nullvisjon sjølvsagt viktig å ha. Me meiner likevel at resultat <1,2 er svært bra. Som i alle mellommenneskjelege relasjonar vil det alltid oppstå situasjonar og konflikhtar mellom elevar. Dette gjelder i skulen, på lik linje som i samfunnet elles. Det viktige er at skulane har klare rutinar på korleis handtere desse uønskte hendingane, og ein felles strategi slik at elevane forstår at mobbing og krenking ikkje blir akseptert. Dette er ei god læring for elevane for framtida ute i arbeidslivet og i anna

felleskap. Vonde relasjonar må ein arbeide systematisk med å løyse opp i, slik at dei ikkje får halde fram og gje elevane varige sår.

Suksessfaktorar:

- Elevane trivst og kjenner seg trygge
- Elevane tek medansvar for det sosiale miljøet og blir opplærde til å ha eit slikt ansvar
- Læraren utøver god klasseleiing og det er god relasjon mellom elev og lærar
- Det er ein positiv læringskultur blant elevane
- Elevane er aktive og i god form
- Foreldra bidreg til å utvikle eit godt læringsmiljø
- Skuleleiinga støtter opp om felles verdiar og rutinar og tek ansvar for at arbeidet med læringsmiljøet er systematisk og kunnskapsbasert
- Skulane flaggar nulltoleranse mot mobbing, og har handlingsplan og rutinar som syter for rask oppfølging når elevar opplever krenking eller mobbing.

Utfordringar

- Sikre alle elevar eit godt læringsmiljø gjennom å ha kultur, rutinar og system som bygger opp under at alle elevar skal oppleve skulen som læringsfremjande, trygg og triveleg
- Vidareutvikle kunnskapsbasert systematisk arbeid knytt til læringsmiljøet til elevane
- Sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule

Kapittel 3 Gjennomføring av skuleløpet

Målsetting:

- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet og tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggjande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal liggje over gjennomsnittet for landet
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalsskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin praksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg
- Nissedalsskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og prestasjonar
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i felleskapet og tidleg innsats* som dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklarsitt fulle potensial
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening med dei fem grunnleggjande dugleikane; lesing, skriving, rekning, munnleg taleog bruk av digitale verktøy

Skulen skal gje den einskilde elev ferdigheiter, kunnskapar og haldningar slik at dei kan delta aktivt i samfunnet. Tidleg innsats, tilpassa opplæring og vurdering for læring er prinsipp og reiskap som blir nytta gjennom heile skuleløpet for å nå målet om at skulen skal gje eit likeveverdige tilbod til alle, uavhengig av evner og føresetnader. Systematiske kartleggingar, dokumentasjon og elevsamtalar gir moglegheit for å fange opp elevar med spesielle utfordringar tidleg. Likeverdige opplæringstilbod til *alle* gjeld ikkje berre elevar som kan få utfordringar i høve til å

gjennomføre vidaregåande opplæring, men også elevar som treng ekstra utfordringar.

Tilpassa opplæring

Tilpassa opplæring (TPO) er ikkje eit mål, men eit verkemedel for læring. TPO inneber å stille krav og forventning ut frå den einskilde elev sin føresetnader for å lære, samstundes som eleven skal oppleve meistring. TPO inneber ikkje at opplæringa skal vere individualisert, men at læringsmiljøet tek omsyn til elevane sine ulike evner og føresetnader.

Nynorsk skrivekonkurranse

v/ Hald Valle, lærar Tveit skule/Nissedal ungdomsskule


I samband med at me feira 200-årsjubileum for Aasmund Olavsson Vinje, arrangerte Nissedal ungdomsskule ei skrivetevling på nynorsk.

Elevane kunne velje mellom fleire ulike oppgåver i to klasser: skjønnlitteratur eller faglitteratur. Det kom inn svært mange gode bidrag, og juryen hadde ei svært vanskeleg oppgåve med å plukke ut to vinnarar. Jurymedlemene måtte og take omsyn til ulike oppgåver, sjangrar og ulik alder på «forfattarane».

Men til slutt kom juryen fram til to verdige vinnarar. Det var Sverre Kornmo Enger (skjønnlitteratur) og Helene Lauvdal (faglitteratur). Begge vinnarane fekk diplom og fem hundre kroner kvar frå Nissedal mållag. Takk til alle for kjempflott innsats.

Elevundersøkinga. Meistring

Skala frå 1-5. Høg verdi er positivt resultat



Indikatoren "Meistring" i elevundersøkinga for 2019-2020 syner at elevane i 7. klasse skårer likt som fylket og landet. For 10. klasse ligg skåret ørlite neder nasjonalt nivå, men ei klar betring frå tidlegare.


Det er vidare ein tett samanheng mellom meistring og motivasjon for læring. Dette

kjem fram i neste tabell. I elevundersøkinga er indikatoren *motivasjon* ein sum spørsmål knytt til kor vidt eleven er interessert i å lære på skulen, kor godt eleven likar skulearbeidet og om eleven gler seg til å gå på skulen.

Elevundersøkinga. Motivasjon.

Skala frå 1-5. Høg verdi er positivt resultat


Motivasjon 7.kl. og 10.kl. 2018-2020



I 2019-2020 syner tabellen at 7. klasse ligg rett over nasjonalt nivå. 10. klasse ligg

under nasjonalt nivå, men også her ei klar betring frå tidlegare år.

Nasjonalt nivå på motivasjon er gjennomgåande lågt for 10. klasse.



Our Education System

“Everybody is a genius. But if you judge a fish by its ability to climb a tree, it will live its whole life believing that it is stupid.”

- Albert Einstein

Spesialundervisning

Opplæringslova slår fast at elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinær tilpassa opplæring, har rett til spesialundervisning.

Det finst godt belegg for å hevde at skular som lukkast med TPO har mindre behov for spesialundervisning.

Skjæringspunktet mellom den tilpassa opplæringa og retten til spesialundervisning byggjer på faglege vurderingar, men også ei grad av skjønnsvurdering. I dette er samarbeidet med Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) viktig.

År	Nissedal	Telemark	Nasjonalt
2017	5,8	8,1	7,8
2018	4,5	7,9	7,9
2019	6,7	7,8	7,7

(Kilde SSB)

Tidleg innsats

Tidleg innsats er eit vidt omgrep. I det store handlar det om alle sider ved barnet sitt liv. Slik opplæringslova forstår tidleg innsats, peikar den på grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning. For å forstå omgrepet må ein ha med seg både det store og det meir spesifikke biletet.

Barn si læring dei fyrste åra legg grunnlaget for kunnskap og ferdigheiter seinare i livet. Barnet sine sosiale og språklege ferdigheiter ved skulestart har stor tyding for læringsutytting i skulen. Det er klår samanheng mellom språkforståing i ung alder og leseferdigheiter dei fyrste skuleåra. Den same samanhengen er det i høve til barna sin sosiale kompetanse og det å meistre kvardagslege utfordringar. Jo tidlegare barn som strevar får hjelp, desto større er effekten. Derfor er det viktig at ein allereie i barnehagen kan sette inn tiltak.

Den faglege vurderinga av rett til spesialundervisning blir teken i vare av PPT. Vurderingane deira dannar hovudgrunnlag for einskildvedtaket rektor fattar i saka. Går ein tilbake til 2011, var omfanget spesialundervisning i Nissedal 23,3 %.

Systematisk arbeid på feltet førte til ein betydeleg reduksjon, ved at fleire elevar fekk tilpassa opplæring, og dermed færre

på spesialundervisning. Dette har vore ei gledeleg utvikling i Nissedalskulen.

Denne tabellen syner omfanget av spesialundervisning dei siste 3 åra:

Professor I. Størkesen seier at det er "en klar sammenheng mellom barnehagekvalitet og frafall i den videregående skolen" Vidare seier ho at "mye tyder på at barnehager med høy kvalitet stimulerer viktige ferdigheter før skulestart, blant annet matte, språk, sosial kompetanse og selvregulering. Ulike studier har funnet effekt av barnehager med høy kvalitet som vedvarer alt fra 6-22 år. Effekten gjaldt både faglig og sosial tilpasning. Faglige og sosiale vansker er en godt dokumentert risikofaktor for frafall fra skolen"

Gode overgangar som involverer barnehage, skule og foreldre er også sentralt i samband med tidleg innsats.

Tidleg innsats fell innfor ramma av tilpassa opplæring, og utløyser ikkje individuelle rettigheter. Tidleg innsats inneber ein lovfesta plikt til å setje i verk

tiltak retta mot elevar slik at dei får styrka dei grunnleggjande ferdigheitene innafør desse områda. Opplæringslova peiakar Nissedal kommune fekk tilført øyremerka tilskot frå staten til "Tidleg innsats" frå og med hausten 2016. Tilskotet er nytta slik: Tveit skule 6,5 t, Kyrkjebygda skule 1,5 t. Timane er lagt til 1.-4. klasse.

Tidlegare vedtak på Tveit skule om timar til Tidleg innsats i 1.-4. klasse tilseier 4 timar i veka i kvar klasse. Tilskotet frå staten kom i tillegg til dette.

For å kunne vite kva for elevar som er i målgruppa for ekstra og tidleg innsats innan lesing og rekning, gjennomfører skulane årleg nasjonale lese –og reknekartleggingsprøver i 2. og 3. klasse. Resultata frå desse prøvene er meint som grunnlag for at skulen på eit tidleg tidspunkt skal settje i verk tiltak. Resultata er ikkje offentlege.

Overgang til vidaregåande skule

15 elevar avslutta grunnskulen våren 2020. 100% av desse starta på vidaregåande opplæring same haust, syner tal frå Skoleporten.

I mange år har elevane frå Nissedal kommune vore suverene på gjennomføring av vidaregåande skule. Dei siste målingane som kjem fram av folkehelsebarometeret syner uheldig utvikling der:

spesielt på auka lærartettleik i 1.-4. klasse som tiltak i denne samanhengen.

Sjølv om tidleg innsats primært er forsterka innsats dei fyrste åra, inneber det også å ta raskt fatt i problema uansett når dei oppstår gjennom skuleløpet. Ein tommelfingerregel for best effekt er at 80 % av tiltaka bør settast inn før 5. klasse.

Digitale ferdigheiter

Skuleåret 2018-2019 fekk Nissedalsskulen eit enormt løft via IKT-satsinga og innføring av læringsbrett til alle elevar og tilsette. Dette gjer at vi nå i skulen kan gje ei skikkeleg opplæring i digitale ferdigheiter, ein av dei fem grunnleggjande ferdighetene beskrive i læreplanen. Dette blei særst viktig og ein stor suksessfaktor då det var heimeundervisning under «lock-down» i starten av Covid-19 (mars-mai 2020)

Periode	Nissedal	Telemark	Nasjonalt
2014-2016	27%	22%	22%
2019	31%	21%	21%
2020	31%	20%	20%

Dette er ein negativ utvikling som vi må halde auge med framover. Om dette skuldast ei opphoping av enkeltfaktorar, eller er ei vedvarande utvikling i Nissedal, er viktig å følgje med på. Er svaret det siste, må vi arbeide målretta for å snu denne

Kapittel 4 Skulen og samfunnet

Målsetting:

- Elevane skal få kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen
- Nissedalsskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre

MOT

v/ Runa Vee Tveit, miljøterapeut Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

MOT er ein organisasjon som har hold på sidan 1994, med gode resultat. Visjonen til MOT er å skape et varmare og tryggare samfunn. Oppdraget er å utvikle robust ungdom som inkluderer alle.

MOT sitt arbeid er forankra i 3 verdier:

MOT til å leve – ungdommen vert utfordra på å finne sin draum, finne det som gir glede i kvardagen, sette seg mål og satse på det dei brenn for.

MOT til å seie nei – ungdommane skal være trygge på å være seg sjølve, tørre å velje forskjellig og seie nei til det som ikkje er rett for seg.

MOT til å bry seg – det handlar om å ta vare på andre men like viktig er det å ta vare på seg sjølv.

Evaluering viser at MOT førebygg og vernar mot dei mest negative utslaga i ungdomstida. Det er mindre hyppig mobbing, færre ungdommar utan ein einaste ven, og mindre psykiske vanskar og rus-misbruk på MOT – skular.

Hausten 2019 var miljøterapeut og rektor på kurs i Trondheim. På desse dagane vart vi godt kjende med MOT sin visjon og livsmestringskonseptet MOT har utvikla.

Gjennom MOT vil vi bygge ungdommane våre her i Nissedal til å lettare handtere problem dersom dei oppstår. Dette gjør vi gjennom å fokusere på løysningar og verktøy. Kjernen er å skape ei atmosfære som er energisk og involverande, utan å vise peikefinger eller å fordømme.

I Nissedal har vi starta arbeidet i 8. og 9. trinn i skuleåret 19/20. Dette er eit spennande konsept der vi opplever engasjerte elevar i eige og andre sitt liv. Vi blir kjend med ungdommen vår på ein heilt unik måte, vi får eit innblikk i kva dei drøymmer om og kva dei er opptekne av, og det skaper gode relasjonar.

Eg har stor tru på at ved å nytte MOT så gjer vi ei verdifull investering i ei god framtid for ungdommane våre.

-Du vet når en tulipan henger med huet, og så trækker man den inn blant de andre for at den skal stå oppreist. Et sånt samfunn vil jeg ha. – Ingrid Volden



Elevane

Skulen har eit breitt samfunnsmandat om å gjere elevane i stand til å gå vidare på ulike utdanningsval og seinare yrkesval. Skulen skal også arbeide med å utvikle elevane si kritiske vurderingsevne, evne til estetiske refleksjonar og bidra til å utvikle sosiale ferdigheiter som kvar og ein vil trenge seinare i livet. I sum er dette det opplæringslova tidlegare beskreiv som "gangs menneske".

Elevane skal førebu seg på ei framtid ingen kjenner, men som utan tvil vil stille store krav til fagleg, sosial og kuturell kompetanse.

Det å førebu seg på eit tilvere på hybel etter endt grunnskule, er viktig. Her har

Nissedal kommune utvikla eit godt etablert konsept der skule, helse, politi og NAV sett av ein *Flytte heimafrå-dag* på slutten av 10. skuleåret. Målet er å førebu elevane best mogleg til eit sjølvstendig liv på hybel.

Den kulturelle kompetansen får elevane via deltaking i *Den kulturelle skulesekken*; eit bibidrag til elevane si dannelsingsreise.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin felles innsats for å oppretthalde, betre og fremje helsa til folk, og dessutan redusere faktorar som kan føre med seg helserisiko. Ein kan seie at god leseopplæring er skulen sitt beste bidrag til god folkehelse. Samstundes er helsesystemer og fysioterapeut pådrivarar for anna systematisk folkehelsesamarbeid i skulekvardagen.

Skulane førebur elevane på livet etter skulegangen gjennom utplassering i yrkeslivet og orientering om ulike utdanningsmoglegheiter. Kommunal næringskonsulent bistår skulane med NHO/jobbavis, der næringsliv annonserar "jobbar" som elevane søker på. Elevane lærar å utforme CV og å skrive søknader i samarbeid med NAV.

Den kulturelle skulessekken (DKS):

Kulturvertar 2019/2020

v/ Else Marit Refsdal, lærar Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Det har vore ein fryd å være kulturkontakt ved skulen detta året! Det er takka være ein svært engasjера gjeng med kulturvertar frå 9. og 10. trinn. Gjengen bestod av : Siv og Sondre frå 9. klasse, og Christina, Mika, Ellen og Ingemann frå 10. klasse. Dei var tidleg på pletten , og allereie i september var dei rundt på skulen – i alle klasser- og presentera seg for elevane.

Dei laga ein flott Power Point –presentasjon, som dei synte for alle. Der tok dei m.a føre seg litt om kva det vil seie å være «eit godt publikum». Dei snakka om at ved førestillingar skulle sko og jakker vere i gangen utanfor , og at elevane skulle sitte klassevis, med lærarar/vaksne jamnt fordelt utover i salen. Det blei og snakka litt om reglar for klapping, do-besøk osv.



I løpet av skuleåret blei det ein god del oppgåver som måtte fordelast best mogleg. Det kunne til dømes være å laga og hengje opp plakatar , gjere i stand lokalet , ta imot gjestar og hjelpe med bæring og montering av utstyr , ordne med kaffi/te/ vann og eventuelle andre ynskjer dei besøkande hadde, ynskje både gjestar og publikum velkomne, og takke til slutt for besøket.

Det er ikkje alltid så lett å få tid til alt detta innimellom anna skularbeid, men med godt samarbeid i gruppa har det gått veldig greitt. Det er jo faktisk ganske lærerikt , og ei god erfaring å ha med seg vidare.

Kulturvertane og eg rår at det neste år kjem fleire ting som gjeld dei små , særleg 1. og 2. klasse. Og gjerne noko som gjeld heile skulen.

Takk for innsatsen alle saman!

Corona-skule

v/ Harald Valle, lærar Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Me hadde vel skjønna det lenge, men likevel, no var det sant, skulen blei stengd! Torsdag den 12. mars var det skidag, på Gautefall, som me hadde vore på kvart år sidan 1981. For mange av oss den gildaste skuledagen i året og det var det i år og. Tilbake på skulen fekk me den endelege beskjeden: «Skulen er stengd på ubestemt tid!» For dei fleste av oss var det heile ganske uverkeleg, korleis skulle dette gå? Tusen spørsmål poppa opp i hovudet: kva gjer me no?

Heldigvis fekk me lærarane ein planleggingsdag på fredag der me fekk samrådd oss og lagt ein plan. No var me så heldige at alle elevane hadde læringsbrett, så no var det bare å kaste seg ut i det. At læringskurva vart bratt er vel ikkje å ta for sterkt i. No vart Teams og One Note måten me kommunisera på og heldt kontakt med elevane på. Kvar morgon starta med møte på Teams. Lyden av Teams blei ein kjend og faktisk, kjær lyd. Ein etter ein dukka elevane opp, nokon litt trøytare enn andre, men blide og hyggelege. Me fekk innblikk i det sosiale livet i dei ulike heimane: frukostbord, foreldre, kattar, bikkjer og småsysken som rusla rundt. I det heile veldig triveleg og koseleg for alle som lengta etter sosial kontakt. Etter kvart begynte me å beherske alle digitale plattformer betre. Det dukka opp tips og forslag frå andre lærarar og skular heile tida og me kollegaer utveksla tips og erfaringar på chatten.

Det som eg kanskje blei mest imponera av var den kreativiteten og fantasien elevane hadde når dei skulle svare på oppgåver. Her var det sketsjar, små filmsnuttar, treningsopplegg og song og musikk. Det var no ein såg at for elevane var dette mykje meir naturleg enn for me vaksne. Etter kvart begynte me å finne eit fast mønster på dagane og me kom inn i ein rytme og eit mønster.

Personleg opplevde eg noko eg aldri hadde trudd eg skulle oppleve. Eg hjelpte andre med tips og forslag på digitale plattformer!! Moro. Bare endå eit bevis på at å lykkast gjev lyst til å lære meir.

Etter ei tid var eg så heldig at eg fekk vere på skulen 3 dagar i veka med ei lita gruppe. Det var rein og skjær lykke å treffe att elevane.

Rundt 10. mai var alle tilbake til «vanleg» skule, men med ulike reglar og restriksjonar med omsyn til smittevern. Me vaska og sprita og lærte eit nytt ord: Kohort. Denne perioden er noko som desse elevane kjem til å hugse så lenge dei lever. Kva lærte me så av denne pandemien? Jau, at digital læring er viktig og nyttig i mange samanhengar, men uansett så er det ingen ting som er viktigare enn å vere saman med andre.

Undervisning i koronatid, refleksjonar frå ein 1. og 2. klasse lærar.

V/ Kari-Anne Nordbø, norsklærer i 1. og 2. klasse ved Kyrkjebygda oppvekstsenter

Torsdag 12. mars 2020 har satt seg fast i minnet som ein surrealistisk dag. Vi stod på skuletrappa og såg etter elevane våre når dei reiste heim og ante ikkje når dei ville kome attende til skulen. Dagen etter sette me lærarane oss ned, med ein god meter i mellom oss, grubla, planla og laga arbeidsplanar for heimeskule.

Kort fortalt blei dette fem krevjande veker. Dei yngste elevane kommunisera med skulen og lærarane sine gjennom den nettbaserte plattformen Showbie. All kommunikasjon der går via chatt. Me såg aldri elevane. Elevane såg aldri læraren sin. Å lære seg å lese og skrive og rekne i ein slik kvardag er ikkje enkelt for verken elevar, lærar eller foreldre. Gjennom perioden hadde me samtalar med elevar og foreldre per telefon. Det gjorde godt å få snakke saman og gitt tilbakemeldingar til kvarandre i ei slik tid.

Å vere småskulelærar i denne settinga var krevjande. Me gjorde alt me kunne for å halde læringstrykket oppe. Då elevane kom attende til skulen, kjendest det ut som det var 17. mai, id, jolaftan og Grand Prix på same dag.

Me lærte mykje om å drive heimeskule. Me lærte mykje om Showbie, og me lærte at læringstrykket ikkje på nokon måte var like høgt som det er i den normale skulekvardagen i klasserommet og ikkje minst; me lærte kor viktig det er å få vere saman.

Heimeskulen kom litt brått på

V/ Bent Arve Bratås, lærar for mellomsteget ved Kyrkjebygda oppvekstsenter

Fredag 13.mars i fjor vart skule-Noreg nedstengt. Det låg vel litt i lufta i førevegen at dette kom til å skje, men skulen i Kyrkjebygda var ikkje heilt førebudd på dette likevel som så mange andre skular i det ganske land. Møtet med det som framover skulle bli kvardagen for elevane fortona seg omtrent slik for mellomsteget ved skulen torsdag 12.mars 2020.

Nå var det slik at ein elev nyleg var blitt storesyster, og 5.-7.klasse var invitert på besøk for å sjå den då omlag 1 måned gamle nye familiemedlemen. Me gjekk frå bedehuset, som då hadde vore skulen vår sidan påsketider 2019, og til destinasjonen vår. Me veksla for øvrig dette besøket inn i ein kroppsøvingstime. Etter eit forgløymeleg besøk vende me nasen blide og mette mot bedehuset att. Så langt verka alt normalt.

Me skulle ned for å avslutte skuledagen på vanleg vis for så å reise kvart til vårt. Ned mot stallane (lagerbygg til kyrkja)hørde me brått høge, skingrande og litt småpaniske skrik. Elevrekka var nå litt strekt, og det tok noko tid før alle skjøna kva innhaldet i den til dels krakilske meldinga var. Dei siste elevane som skulle på bussen hadde kanskje tre minutt på å kome seg på denne.

Men meldinga var altså at skulen frå og med fredag 13.mars var stengt. Bussen måtte sjølvsagt haldast att til alle som skulle med den fekk raska med seg det dei trong dei neste dagane, vekene... Eit lettare kaos på skuleslutt denne dagen er vel ikkje å ta for hardt i. Så var det å kaste seg rundt i den digitale verda, men det er ei anna historie.

Lærarar og leiarar

Undersøkingar syner at det vil bli mangel på kvalifiserte lærarar om få år. Det er derfor viktig å ha fokus på å rekruttere nye og å halde på dei me har.

For å skape god rekruttering til læraryrket, er det viktig at Nissedal kommune står fram som ein god arbeidsgjevar, og at skulen oppnår eit godt omdømme.

Me vil halde fram med å syte for utlysing etter lærarar for komande skuleår tidleg på vinteren, slik at me er tidleg ute med å sikre oss godt kvalifiserte lærarar for komande skuleår.

Systematisk satsing på etter- og vidareutdanning er eit viktig bidrag for å skape høg kvalitet på undervisningsarbeidet. Med dei nye kompetansekrava til undervisningspersonell i grunnskulen er dette heilt essensielt.

Desse kompetansekrava gjeld frå 01.08.15:

- ✓ *Alle som underviser i matematikk, engelsk og norsk på barnesteget (1-7) må ha 30 studiepoeng innanfor faget*
- ✓ *Alle som underviser i matematikk, engelsk og norsk på ungdomssteget (8-10) må ha 60 studiepoeng innanfor faget*
- ✓ *I alle andre fag på ungdomssteget (8-10) må den som underviser ha 30 studiepoeng*
- ✓ *Unntak i fag er arbeidslivsfag og valfaga*

Det er innført ei 10-årig overgangsordning. Det betyr at skuleeigar har 10 år på seg til å få på plass lærarar med godkjent kompetanse ved alle skulane.

På leiarnivå skriv nå inspektør ved Tveit skule/Nissedal kommune på sin masterutdanning innan utdanningsleiing.

Skuleåret 2019-2020 var det dessverre ingen lærarar på vidareutdanning. Dette skuldast lågt inntak og feil hos studiestad.

Kapittel 5 Skuleeigar

Målsetting

Kommuneplanen inneheld ingen målsettingar for skuleeigar for inneverande periode

Fakta

Skuleeigar skal i fylgje opplæringslova § 13-10:

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule skal etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane.

For å sikre oppfylting av krava i opplæringslova § 13-10, har einingsleiar saman med rektorane utvikla eit årshjul der skulen sine oppgåver gjennom eit år er beskrivne. Det har ein tidsplan og beskriver kven som er hovudansvarleg for dei ulike tiltaka.

Den årlege tilstandsrapporten er eit bidrag til at "*skuleeigar veit, ikkje trur*"; eit utsegn Dag Langfjæran frå KS la vekt på då han hadde miniseminar om skuleeigarrolla for ordførar, rådmann og skuleleiarane i Nissedalsskulen våren 2016.

Målet med denne rapporten har og vore å produsere informasjon som er lett å hente ut. Både skuleleiarar og lærarar har bidrege med innhald til rapporten. Ein stor takk til alle!

Det er eit ønske at politikarar og andre som les rapporten vil få eit godt innblikk i kvardagen og skuleresultatane i Nissedalsskulen

Nytt oppvekstsenter

v/ Even Holskar, rektor Kyrkjebygda oppvekstsenter

Gleda var stor då elevar og tilsette ved Kyrkjebygda oppvekstsenter endeleg kunne ta i bruk den nye skulen i mai. Etter å vore på i interne flytteprosessar på den gamle skulen i to år og hatt skule på Kyrkjebygda bedehus i eit år var det utruleg godt å kome «heim» atte.

Oppvekstsenteret har vore igjennom store, men eit heilt nødvendig rehabiliteringsarbeid dei siste to åra. Fyrst ut var barnehagen, så stod skulen for tur. 1.-4. klasse fekk to nye klasserom ut mot Nisser. I same tilbygget, i underetasjen fekk mat og helse og SFO eit ljost og stort kjøkken og opphaldsrom. Elles fekk dei eldste elevane og dei tilsette heilt nyoppussa lokale.

Både elevar, føresette og tilsette har vore tolmodige ,samarbeidet med teknisk og entreprenør har vore godt undervegs. Nå kan me heldigvis slå oss til ro ei stund og glede oss over resultatet.

Me alle er glad for at me fekk behalde Valhall som hjertet i bygget og der me kvart år pyntar så fint til jol. Til glede for oss og alle forbi-passerande.

